



## Kommunereforma – moglege konsekvensar for nynorsk i kommunane

### Samandrag

Debatten om den norske kommunestrukturen er eit tema som dukkar opp med jamne mellomrom. Etter at Schei-komiteen la grunnlaget for ei stor omorganisering tidleg på 60-talet, har ei rad ulike utval og komitear arbeidd med omorganisering av norske kommunar. I tillegg har nokre få kommunar slått seg saman på eigne initiativ.

Regjeringa ønskjer no eit nytt kommunekart, med monaleg færre kommunar enn i dag. Frå 428 til rundt 100 var målet, men neppe mange trur på slike tal lenger. På Kommunedagane til KS i april 2015 vart deltakarane i salen spurde om kor mange kommunar dei trudde det vil vera i landet i 2020. Svaret var om lag 330. I august 2015 uttalte statsminister Erna Solberg at det minimum bør slåast saman rundt 50 kommunar, slik at det vert mindre enn 400 kommunar att.

Det vart gjennomført folkeavrøystingar i 14 kommunar om samanslåing i samband med kommunevalet 14. september. I Tjøme og Rissa vart veljarane positive til samanslåing, i Leksvik likt, medan i Herøy, Dønna, Leirfjord, Åseral, Re, Sande, Hjelmeland, Bø, Vang, Gran og Lunner er svaret negativt frå innbyggjarane.

Det er i tillegg midt i valkampen gjennomført eit opprop frå 110 ordførarar frå alle parti (unnateke FRP) mot kommunereforma, jfr Klassekampen 10.09.

Statsråd Sanner uttalte i Dagbladet før valet at fleire undersøkingar har vist at mange lokalpolitikarar og ordførarar er positive til reforma. Resultatet av kommunevalet 14. september tolkar likevel mange, som ei melding til regjeringa, om motstand mot kommunereforma.

LNK ser pragmatisk på kommunereforma. Ein del kommunar vil truleg ha godt av å slå seg saman, og dei vil då kunna gje betre tilbod til innbyggjarane sine utan at lokaldemokratiet vil lida av det. Smått er ikkje alltid best. Men dei fleste

norske kommunar fungerer godt slik dei er organiserte i dag; altså er det overføring av eventuelle nye, tunge oppgåver som vil vera avgjerande for om kommunereforma trengst.

Kommunane har frist fram til 2016 med å utgreia og bestemma seg for kven dei vil slå seg saman med – eller om dei føretrekkjer «0-alternativet», altså å gå vidare som i dag. Etter dette skal fylkesmennene tilrå framtidig kommunestruktur i sine respektive fylke (*Kommuneproposisjonen*). Dei nye storkommunane skal vera på plass innan 1. januar 2020. Regjeringa (og eit fleirtal på Stortinget) har sagt at det vil bli brukt tvang dersom kommunane ikkje vil slå seg saman. Samstundes har opposisjonen på Stortinget sagt at dei vil vera mot tvang, og det er vanskeleg å setja i verk ei så stor reform utan eit breitt fleirtal på Stortinget.

Då regionalisering, samanslåing av fylke, var tema sist, for ti-tolv år sidan, stranda reforma på manglande vilje i regjering og Storting til å delegera makt og oppgåver ut til regionane. Då det vart alvor var det ikkje vilje til å gje frå seg makt ut av Oslo.

Få av dei nye store oppgåvene som kommunane eventuelt skal få, og som kan gjera samanslåingar nødvendige og ønskjelege, er konkretiserte til no. Dei to rapportane som Vabo-utvalet har lagt fram, er påfallande vage når dei drøftar kva nye oppgåver som kan vera aktuelle. Stortingsmeldinga som presenterer nye kommunale oppgåver (*Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*) kom i mars 2015, og lista opp ei rekkje mindre ansvarsområde som kan overførast til kommunane, eller som kan vurderast eller utgreiast om skal overførast til kommunane. Fleire av dei tyngre oppgåvene som er nemnde i meldinga som tannhelseteneste, vidaregåande skular og kollektivtrafikk, vert føreslått overførde frå fylkeskommunane til nokre få større bykommunar. Samstundes vert det hevda at generalistkommunen framleis skal vera eit berande prinsipp. Dette heng ikkje heilt saman, korkje logisk eller retorisk. Ei slik utvikling kan lett føra til at me får a- og b-kommunar, og heile reforma kan lett bli oppfatta som lekk i ein større sentraliseringspolitikk.

Det er ikkje fleirtal på Stortinget for å fjerna det regionale forvaltningsnivået, og såleis heller ikkje for å tømme fylkeskommunane for arbeidsoppgåver. Dagens debatt handlar meir om å styrkja det regionale nivået, ved å slå saman/utvida fylke til større og tyngre regionar. Sett med nynorske auge kan ei slik utvikling vera ein interessant tanke, men det føreset at regionnivået får tilført langt større og tyngre oppgåver enn det fylkeskommunen har i dag.

Vabo-utvalet konkluderer med at idealstorleiken for ein norsk kommune for å kunna yta gode tenester vil vera 15 - 20 000 innbyggjarar. Viss me ser saka frå ein nynorsk ståstad, vil ikkje folketalsprinsippet *åleine* nødvendigvis få store negative konsekvensar for nynorsk i kommunane, kanskje med unntak i Romsdal, på Nordmøre, i Valdres og i Buskerud, der det likevel må setjast inn særskilde tiltak for nynorsk – heilt uavhengig av kommunereforma. I store delar av landet kan folketalsprinsippet tvert om vera med på å styrkja nynorsk i offentleg sektor ved at me får fleire relativt store, for ikkje å seia robuste, nynorskkommunar.

Styret i LNK har bedd administrasjonen om å greia ut kva språkkonsekvensar reforma vil få. Dette har ikkje vore lett så lenge me ikkje veit kven som kjem til å slå seg saman med kven. Forhandlingsmønsteret rundt om i kommunane er forvirrande. Ulike konstellasjonar er aktuelle og det meste er uklårt. Nokre kommunar drøfta tidleg i prosessen opp til 8-10 ulike modellar, men per 1. juli var det framleis kommunar som utgreier 4-5 alternativ.

LNK har dei siste tjue åra fått ei årviss statleg løyving frå Kulturdepartementet. I 2015 er denne løyvinga flytta til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Det kan vera ein slags logikk i dette: Dei siste åra har KMD vore ein viktig aktør også i språkspørsmål. Det er til dømes dette departementet som deler ut prisen «Årets nynorskkommune» og har ansvaret for Kommuneproposisjonen, der det i 2015 vart understreka at kommunereforma ikkje skal ha negative følgjer for samisk og nynorsk.

Direktør i språkrådet, Roy Kristiansen, skriv i ein kronikk i Hallingdølen 22.09.15 at det må lagast ein plan for korleis nynorsk og bokmål skal sikrast likeverdige villkår i nye kommunar. Dette er det eit lokalpolitisk ansvar og ikkje noko som kjem av seg sjølv. Vidare at Stortinget ved fleire høve opp gjennom åra har uttrykt at nynorsken treng eit særleg vern som det minst brukte av målformene. Det vert også vist til jamstillingsvedtaket i Stortinget.

I tråd med føringar frå departementet vil LNK såleis greia ut kva konsekvensar kommunereforma kan få for språksituasjonen i landet. Det vert mellom anna særst viktig å setja av «språklege omstillingsmidlar» til dei kommunane som vert språkdelt som følgje av ei eventuell kommunesamanslåing. Det viktigaste prinsippet er likevel å skapa ei forståing for at det skal takast språkpolitiske omsyn når dei ulike modellane skal vurderast.

KMD ønskjer at LNK skal gje råd til kommunane om språklege konsekvensar av kommunereforma. Organisasjonen ønskjer også å vera rådgjevar for KMD i denne saka.

### **Førebels konklusjon**

-LNK er for frivillige endringar i kommunestrukturen, særleg dersom overføring av nye oppgåver til kommunar og fylkeskommunar gjer dette naturleg og nødvendig. LNK kan ikkje sjå at dei nye oppgåvene som har blitt presentert så langt i prosessen skulle tilseia trong for kommunesamanslåingar, men ser at nokre kommunar truleg vil kunna levera betre tenester til innbyggjarane dersom dei hadde vore større. Dette må likevel vegast opp mot risikoen for eit svakare folkestyre.

-LNK ønskjer at prinsippet om generalistkommunen skal først vidare, men kan ikkje sjå at dette kan kombinerast med å la nokre få utvalde større kommunar overta fylkeskommunale oppgåver medan andre kommunar berre skal løysa tradisjonelle kommunale oppgåver.

-Det regionale politiske nivået er viktig for å halda oppe det norske språkssystemet, og for å hindra fragmentering av ansvaret for det nynorske språket. Regionnivået, fylkeskommunane, bør styrkjast, både ved at dei får tilført nye oppgåver, men gjerne også gjennom ei utvikling av nye, sterke regionar.

-Ein viktig premis for LNK er at kommunane og KMD tek omsyn til språkpolitiske konsekvensar av eventuelle samanslåingar. Kommunar med ulikt fleirtalsspråk bør såleis ikkje slå seg saman.

Departementet må stilla til rådvelde nødvendige midlar, mellom anna til obligatoriske språkkurs for administrasjonen i språkdelte kommunar, slik at kommunane blir reelt tospråklege og såleis kan levera gode, klare og språkleg korrekte tenester til innbyggjarane sine.

-Kommunesamanslåingar i språkdelte område kan lett føra til nye språkøytrale kommunar. Dette inneber at administrasjonen kan nytta bokmål sjølv om fleirtalsforma i kommunen er nynorsk. Over tid kan dette svekkja nynorsk språk. Det bør difor greiast ut om det framleis er føremålstenleg å operera med termen «språkøytral kommune».

-LNK skal følgja opp enkeltprosessar i språkdelte område ved å gi råd og synleggjera språkpolitiske konsekvensar, etter kvart som det blir klart kva for modellar som er aktuelle for medlemskommunane. Etter kvart som desse modellane blir tydeleggjorde, skal administrasjonen leggja fram notat for styret også om kva konsekvensar slike strukturendringane vil få for LNK.

## Prosess

Regjeringa oppmoda alle landets kommunar om å drøfta eventuelle samanslåingar med nabokommunane, og dermed var arbeidet med Kommunereforma i gang.

LNK ser pragmatisk på kommunereforma. Det kan godt vera at nokre kommunar vil ha godt av å slå seg saman, og at dei då vil kunna gje betre tilbod til innbyggjarane sine, utan at lokaldemokratiet vil li av dette.

Men reforma har vore noko underleg presentert. Bakgrunnen for reforma er at regjeringa ønskjer færre kommunar enn i dag. Argumentasjonen har vore at dagens småkommunar ikkje klarar å gi innbyggjarane sine gode nok tenester, utan at det vert peika på kva oppgåver som ikkje vert løyste tilfredsstillande.

Reforma vert truleg eit heitt tema i valkampen 2017, og i nokre regionar alt ved kommunevalet 2015. Kommunane har frist på seg fram til våren 2016 med å bestemma seg for kven dei vil slå seg saman med, og regjeringa (og eit fleirtal på Stortinget) har sagt at det vil bli brukt tvang dersom kommunane ikkje vil slå seg saman. Arbeidarpartiet ønskjer at kommunane som ikkje kjem i mål med strukturprosessar innan juni 2016, skal få dei same «gulrøtene» som dei som vedtek samanslåing før fristen. Dette seier regjeringspartia og Venstre og KrF nei til. Regjeringa vil leggja fram eit proposisjon om kva kommunar som skal slå seg saman våren 2017. Dei nye storkommunane skal etter planen vera på plass innan 1. januar 2020.

Det er vanskeleg å setja i verk ei så omfattande reform utan eit breitt fleirtal på Stortinget. Mellom anna Ap har vore, seinast i eit vedtak på landsmøtet 2015, tydeleg på at partiet vil røysta nei til regjeringas framlegg så lenge dette i siste instans byggjer på tvang.

40 kommunar (per 1. mai 2015) har dessutan vedteke at dei vil ha lokale folkerøystingar om reforma. Av desse er Vaksdal, Gloppen, Skjåk, Suldal og Jølster medlemer i LNK. KMD har rådd frå folkerøystingar, men dette er det opp til kommunane å avgjera. Fylkesmennene har fått ekstra løyvingar frå staten for å hjelpa kommunane i prosessen med samanslåingar (prosessrettleiarar). Dei regionale statlege apparata rundt omkring er likevel delte i synet på til dømes folkerøystingar. Fleire fylkesmenn, til dømes Anne Enger Lahnstein i Østfold har rådd frå slike løysingar, medan t.d. fylkesmannen i Rogaland, Magnhild Meltveit Kleppa, oppmodar kommunane til å ha folkerøystingar. Dei regionale statlege

organa har altså ulike oppfatningar av reformprosessen og av egne roller i denne prosessen.

Det vart gjennomført folkeavrøystingar i 14 kommunar om samanslåing i samband med kommunevalet 14. september. I Tjøme og Rissa var veljarane positive til samanslåing, i Leksvik likt, medan i Herøy, Dønna, Leirfjord, Åseral, Re, Sande, Hjelmeland, Bø, Vang, Gran og Lunner er svaret negativt frå innbyggjarane.

Det er i tillegg midt i valkampen gjennomført eit opprop frå 110 ordførarar frå alle parti (unnateke FRP) mot kommunereforma, jfr Klassekampen 10.09.

Statsråd Sanner uttalte i Dagbladet før valet at fleire undersøkingar har vist at mange lokalpolitikarar og ordførarar er positive til reforma. Resultatet av kommunevalet 14. september tolkar likevel mange, som ei melding til regjeringa, om motstand mot kommunereforma.

### **Oppgåver**

Kommunal Rapport spurte i juli 2015 alle norske rådmenn kva oppgåver dei helst såg vert delegerte til kommunenivå etter ei strukturendring. På topp kom det å behalda skatteinnkrevjing i kommunane, men også arealplanlegging (delegert frå fylke og stat), , kultur (delegert frå staten/fylkesmannen), miljø og landbruk (delegert frå staten/fylkesmannen) m.m.

Då regionalisering, samanslåing av fylke, var tema for ti-tolv år sidan, stranda reforma på manglande vilje i regjering og Storting til å delegera makt og oppgåver ut til regionane. Då det kom til stykket var det ikkje vilje til å gje frå seg makt ut av hovudstaden. Tendensar i oppgåvemeldinga, til dømes det å overføra oppgåver frå fylkeskommunane til dei største primærkommunane (tannhelseteneste, kollektivtrafikk, vidaregåande skular m.m.) – heller enn å overføra statleg ansvar, syner at det lett kan bli slik denne gongen og. På KS sitt Kommunalpolitiske toppmøte 2015 (Kommunedagane) var mellom andre Jonas Gahr Støre tydeleg på at AP ville styrkja det regionale nivået og heller tilføra nye oppgåver enn å fjerna dei som alt er der.

Hovudstyret i KS er også tydelege på at det folkevalde regionale nivået må styrkjast, mellom anna ved å overføra fleire oppgåver frå staten til fylkeskommunane. KS nemner konkret m.a. Kulturrådets forvaltning av kulturmidlar; ei oppgåve som også LNK ved fleire høve har peika på vil eigna seg godt å flytta nærare brukarane, altså til fylkeskommunen.

Rapportane frå Vabo-utvalet og oppgåvemeldinga (mars 2015) inneheld svært få døme på konkrete, større ansvarsområde som kan flyttast til kommunane. Særs få av dei nye oppgåvene som kommunane skal få, og som kan/kunne ha gjort samanslåingar nødvendige og ønskjelege, er konkretiserte. Om mange av dei mindre oppgåvene som vert nemnde heiter det skal vurderast eller utgreiast om dei kan flyttast. Fleire forskarar, mellom anna professor Martin Øgård, har reagert på at Oppgåvemeldinga heller ikkje drøftar økonomiske konsekvensar av å flytta dei oppgåvene som er aktuelle. Det vert også lagt merke til at regjeringa, midt oppe i prosessen med kommunereforma, gjorde framlegg om å ta frå kommunane ansvaret for skatteoppkrevjing, og overføra desse oppgåvene til staten. Dette framlegget er seinare rett nok forkasta.

Det var viktig for KMD at kommunane skulle starta arbeidet med samanslåingar alt hausten 2014, medan stortingsmeldinga som skulle presentera (eventuelle) nye kommunale oppgåver ikkje kom før i mars 2015. Dei kommunane som drøfta samanslåingar fram til oppgåvemeldinga låg føre, har altså gjort dette utan å vita kva oppgåver som ville bli aktuelle, og meir ut frå ein tanke om at samanslåingar er bra/ikkje bra - uavhengig av oppgåver.

Kommunesamanslåingar har til no altså sett ut til å vera målet – ikkje eit middel for å få til betre tenestetilbod til innbyggjarane .

### **Folketalsprinsippet**

«Robuste» kommunar vart det nye honnørordet i 2014. Våren 2016 må kommunane fatta vedtak om kven dei vil slåast saman med/om dei vil bli slått saman, og målet er å leggja fram ein proposisjon om samanslåingane for Stortinget våren 2017 – altså nokre få månader før Stortingsvalet.

I rapporten frå eit ekspertutval, sett ned av KMD og leia av professor Signy Vabo, vart det konkludert med at idealstorleiken for ein norsk kommune vil vera om lag 20 000 innbyggjarar.

Dette med 15 – 20 000 innbyggjarar som kommuneideal er i tråd med dei tala nestoren i norsk kommuneforsking, professor Harald Baldersheim, har kome fram til tidlegare. Men Baldersheim sjølv ser ut til å ha snudd i saka. Baldersheim har ved fleire høve den siste tida tala varmt om kvalitetane i mindre kommunar.

Sett frå ein nynorsk ståstad: Dersom folketalsprinsippet *åleine* vert lagt til grunn, vil ikkje ei kommunereform nødvendigvis få så store konsekvensar for



nynorsken i kommunane, og heller ikkje for organisasjonen LNK, bortsett frå kanskje i språkdelte område som i Romsdal, på Nordmøre, i Valdres og Buskerud. Dette er område der det må setjast i verk særskilde tiltak for å sikra nynorsk språk – men det bør også skje uavhengig av kommunereforma.

Sjølv om det blir lagd stor vekt på folketal, argumenterer den første Vabo-rapporten samstundes med at kommunesamanslåing er nødvendig i veksande storbyområde, særleg med tanke på å få til heilskapleg infrastruktur og arealplanlegging.

### **Rattsø-modellen**

I tillegg til rapportane frå ekspertutvalet har KMD bestilt ein rapport frå professor Jørn Rattsø som legg endå meir vekt på kvifor det er nødvendig med samanslåingar rundt dei større byane. Jørn Rattsø er leiar i regjeringas produktivitetskommissjon, og legg vekt på at reforma bør sikra at dei store byane får rom til å utvikla seg og veksa vidare. Dersom dette prinsippet vert lagd til grunn for reforma, kan nynorsk (og LNK som organisasjon) stå framfor store utfordringar i tida som kjem.

På årskonferansen til NHO, i januar 2015, var Rattsø ein av innleiarane. Organisasjonen la då fram gjennomarbeidde kart der dei største byane tok inn i seg mange omlandskommunar. NHO sitt ideal ville ha ført til store utfordringar for nynorsk som kommunalt administrasjonsspråk – fleire av dei største nynorskkommunane – til dømes rundt Bergen – hadde med ei slik reform i praksis blitt bydelar i Bergen. Tidlegare Arna kommune i Bergen har hatt det slik i 50 år.

Medan NHO i utgangspunktet tenkte seg 100 kommunar har organisasjonen i august 2015 lansert eit framlegg der talet på framtidige kommunar er pressa ned i 77 – mange av desse samsvarar med tidlegare tiders fogderi. Hovudgrunnen til at NHO har engasjert seg så sterkt i kommunereforma ser ut til å vera posisjonering i samband med framtidig mogleg privatisering. Leiar i NHO service, Petter Furulund, seier det slik i eit intervju: «Små kommuner gjør det vanskelig å tjene penger på å drive velferdstjenester» og «Større kommuner gir bedre muligheter for private velferdsbedrifter» (*Klassekampen 2. april 2014*).

Sjølv om organisasjonen NHO ser ut til å vera oppteken av å få på plass store kommunar, gjeld ikkje dette i like stor grad for *medlemene* i NHO. Fleire aviser har intervjuja bedriftsleiarar som ikkje synest det er så viktig korleis kommunen

ser ut eller kor stor han er. Bedriftene er tvert om opptekne av at det skal vera lett å koma tett inn på kommuneleiinga og unngå unødig formalisering og byråkrati. Og di større ein organisasjon er, di meir veks administrasjonen.

### **Kor stor skal ein kommune vera?**

Dersom KMDs visjonar om at Noreg skal redusera talet på kommunar frå 428 til 100 vart realiserte, ville Noreg ha hatt dei største (i areal) kommunane i Europa utanom Sverige og Storbritannia. I Storbritannia, og kanskje spesielt i Skottland, hevdar mange at dei store kommunane (i areal) fører til eit demokratisk underskot og manglande politisk og sosialt engasjement i lokalsamfunna. Det blir rett og slett for langt å køyra til politiske møte og for tungvindt å halda på med lokalpolitikk. Dei lokalpolitiske sakene blir ikkje lenger «nære» og kontakten mellom politikarar og andre innbyggjarar i lokalsamfunnet ikkje så naturleg lenger. Norske kommunar er i dag ikkje spesielt små i europeisk samanheng.

Danmark gjennomførde ei stor kommunereform i 2008. Dei sit likevel att, etter reforma, med 100 kommunar i eit land som i areal tilsvarar nokre få norske fylke. I følgje den danske professoren Roger Buch ([http://www.rogerbuch.dk/Status\\_Kommunalreform\\_2014.pdf](http://www.rogerbuch.dk/Status_Kommunalreform_2014.pdf)) har reforma i Danmark dessutan resultert i ein større og meir topptung administrasjon, dårlegare førstelinetenester og meir misnøgde innbyggjarar – og mange vil hevda at det heller ikkje har vore reelle innsparingar. Talet på folkevalde har gått ned. Når norske delegasjonar reiser til Danmark for å læra av dei erfaringane danskane har gjort seg, får dei ofte høyra det motsette – ofte frå representantar for den styrkte administrasjonsleiinga (*Roger Buch på Landsmøtet i LLA i Bergen 2014*).

### **Interkommunalt samarbeid**

Både avstandar, areal og topografi gjer at det kanskje vert nødvendig å spørja om alle kommunar, store og små, nødvendigvis skal ha dei same oppgåvene framover – slik det norske idealet har vore til no, men statsråd Jan Tore Sanner sa under Kommunedagane 2015 at generalistkommunen framleis skal vera «idealet» i Noreg. Samstundes synte Oppgåvemeldinga (mars 2015) at intensjonen er å overføra ein del fylkeskommunale oppgåver til dei største kommunane. Dette rimar ikkje med tanken om at generalistkommunen skal vera idealet – og er blitt kvast avvist av mellom anna Ap.

Til no har kommunane sjølve løyst større utfordringar ved å kjøpa tenester hos kvarandre, eller gjennom interkommunalt samarbeid – noko som i dei fleste

tilfelle fungerer godt. Innvendinga har vore at slikt samarbeid ofte flyttar ansvaret ut frå kommunestyresalen og såleis ut av demokratisk kontroll. Det er naturleg å tru at vellukka interkommunalt samarbeid som oftast handlar om klare vedtekter og god kommunal styring.

Innbyggjarundersøkingane (2010, 2013 og 2015) som Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har gjort syner at det er innbyggjarane i dei små kommunane som er mest nøgde med kommunale tenester i Noreg, særleg på område som pleie- og omsorgstenester, oppvekst- skule- og sosialtenester. Innbyggjarane har stor tillit til lokalpolitikarane sine. Tendensen i den siste undersøkinga er heilt eintydig.

Difi dokumenterer og at lokaldemokratiet fungerer best i små (mindre enn 5000 innbyggjarar) og dårlegast i store (over 110 000 innbyggjarar) kommunar. Små kommunar har eit godt «nærdemokrati» gjennom god direkte kontakt mellom veljarane og politikarane, medan større kommunar har eit meir levande partidemokrati.

Professor Harald Baldersheim har peika på at med ekspertutvalets idealkommunar (om lag 20 000 innbyggjarar) vil talet på kommunepolitikarar bli redusert frå 11 000 til 4 000. Professor Signy Vabo presenterer i eit intervju dette som ei styrking av lokaldemokratiet ved at ein «luker vekk» dei svakaste politikarane, og at det vil bli meir rift om lokalpolitiske posisjonar (*Klassekampen 13. april 2015*).

## **.Økonomi**

I følgje NIVI Analyse vil dei nye omstillingstilskota – altså gulrøtene - åleine kosta staten 6,2 milliardar. I tillegg skal dei noverande ordningane for tilbakeføring av pengar til kommunane haldast oppe i 15 år, og deretter trappast ned og fasast ut i løpet av fem år.

KMD føreslår ei kompensasjonsordning som premierer kommunane ut frå innbyggjartalet i dei nye einingane. Unnataket var tidlegare at kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar ikkje skulle få kompensasjon i det heile – sjølv om dei slo seg saman – men her har departementet skifta meining. Jan Tore Sanner har ved fleire høve sagt at kommunar med under 3000 innbyggjarar skal få halda på til dømes småkommunetillegga i 20 år, også dersom dei slår seg saman med andre kommunar og såleis ikkje kan reknast som småkommunar lenger.

KMD ser ut til å ha akseptert at det ikkje er pengar å spara på reforma - i alle høve ikkje dei første åra. Statsråd Jan Tore Sanner har ved fleire høve streka under at Kommunereforma ikkje er ei sparereform, men ei reform som skal styrkja lokaldemokratiet og sikra innbyggjarane eit betre tenestetilbod..

Ei rekkje praktiske konsekvensar av reforma har ikkje vore utgreidde: Kartverket åttvarar i ein rapport mot å gå for fort fram; sidan dette kan skapa IT-kaos både i kommunane og i statlege etatar. Kva konsekvensar vil reforma få for t.d. prostigrenser? Er samanslåing utan nyval lovleg? (*Sandefjord, Andebu, Stokke-modellen*). Sidan dagens lovverk slår fast at det skal vera eit hovudbibliotek i kvar kommune, står me no framover ei massiv nedlegging av hovudbibliotek? Og kva skjer for eksempel dersom kommunar med ulik arbeidsgjevaravgift slår seg saman? Ordninga med lågare arbeidsgjevaravgift for distriktskommunar er eit omfattande regionalpolitisk verkemiddel. 261 kommunar i Noreg har lågare arbeidsgjevaravgift enn dei meir sentrale kommunane – som i svært mange høve peikar seg ut som kommunesenter i eventuelle nye samanslåtte kommunar. I kommuneøkonomiproposisjonen (mai 2015) vart det avklart at dersom det er ulike satsar i kommunar som slår seg saman, skal verksemdene i desse kommunane få halda på dei satsane for arbeidsgjevaravgift dei har i dag. Det går fram av proposisjonen at tilsvarande ordningar vil kunna påreknast også for andre distriktpolitiske tiltak. Dette vert overgangsordningar som skal gjelda fram til EU skal revidera sitt regelverk for regionalstøtte 2021.

### **Språkpolitiske konsekvensar**

Det er ikkje uvanleg at prinsippet om at «vegen blir til mens ein går» vert ein del av eit reformarbeid, jf problematikken kring distriktpolitiske verkemiddel. Ikkje alle konsekvensar er utgreidde, og for LNK er det viktig å få fram språkpolitiske konsekvensar av kommunereforma. Det er ikkje skrive mykje om slike problemstillingar fram til no. På Stortinget har AP, SV og SP peika på at staten bør ha ein gjennomtenkt strategi for å motverka uheldige språklege konsekvensar av kommunereforma, medan regjeringa meiner dette bør vera eit kommunalt ansvar.

Ei viktig analyse av aktuelle strukturprosessar i det offentlege er Jørgen Amdam m/fl: «Rapport 58 – Alternativer for regionalt folkevalgt nivå».

Norsk institutt for by- og regionforskning la i 2013 fram eit oppdatert (men upresist) oversyn over norske bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Kåre Lilleholt og Jens Kihl har laga ein solid rapport for Noregs Mållag, der dei har teke utgangspunkt i det som skjedde sist det var ei stor kommunereform – tidleg på 60-talet. Rapporten er gjennomgåande kritisk til kommunesamanslåingar – ut frå at desse, slik forfattarane ser det, vil påverka stoda for nynorsken negativt i store delar av landet.

LNK drøfta språklege konsekvensar av kommunereforma på styrenivå i 2014 og 2015, og styret har bedd administrasjonen om å greia ut kva konsekvensar reforma vil få. Manglande konkretisering av nye, tunge oppgåver og ulike signal om kven som kjem til å slå seg saman med kven, har gjort dette arbeidet vanskeleg. I LNK vil oppfølging av styrevedtaket skje ved at organisasjonen legg ut eit «policydokument» på LNK.no. Dokumentet vert oppdatert etter kvart som det skjer ting i kommunane som er relevant i samanheng med kommunereforma.

I motsetnad til det som skjedde i 2005, då regionreforma vart endeleg skrinlagd, er det vanskeleg å sjå føre seg at det ikkje vil skje noko denne gongen. Om ikkje anna kan det same skje som i Danmark, der prosessen gjekk tregt heilt til nokre store kommunar gjekk i bresjen og vedtok samanslåing. Så fekk ein einslags dominoeffekt, der mindre kommunar tok til å verta redde for å stå att som små isolerte øyer, og dermed aksepterte dei samanslåingar (*Buch 2014*).

LNK arbeider altså med kommunereforma ut frå ei vurdering av at noko truleg kjem til å skje, og at LNK då bør ha ein klar strategi for rettleiing og informasjon til både kommunar, fylkeskommunar og KMD. For LNK vil det vera viktig å åtvara dersom reforma fører med seg meir sentralisering og svekking av det varierte busetnadsmønsteret: Store demografiske endringar kan lett få konsekvensar for språksituasjonen i landet.

-Kommunesamanslåingar i språkdelte område kan lett føra til nye språknøytrale kommunar. Dette inneber at administrasjonen kan nytta bokmål sjølv om fleirtalsforma i kommunen er nynorsk. Over tid kan dette svekkja nynorsk språk. Det bør difor greiast ut om det framleis er føremålstenleg å operera med termen «språknøytral kommune».

Sidan det stort sett berre er kommunar og fylkeskommunar som er betalande medlemmer i LNK, vil kommunereforma også kunne få store økonomiske konsekvensar for LNK, men dette kan slå begge vegar. Kontingenten til LNK er bygd opp rundt ein fast grunnsom og ei kroneløyving ut frå innbyggjartal.

I oktober i fjor strauk regjeringa LNK si løyving på 1,1 million frå kulturbudsjettet. To månader seinare tok Stortinget LNK inn att med same stønadssummen, men no på kommunalbudsjettet.

I budsjettvedtaket i Stortinget heiter det at LNK skal vera rådgjevar for KRD i språkspørsmål som oppstår som følgje av kommunereforma. I tilsegnsbrevet frå KMD står det at LNK skal gje råd til kommunane om språklege konsekvensar som eventuelt måtte koma som følgje av kommunereforma.

Gjeldande Kommuneproposisjon slår fast at kommunereforma ikkje skal ha negative følgjer for samisk og nynorsk: «Komiteen ber også om at forholdet til nynorsk som målform får same fokus (*som samisk*) slik at nynorsk som målform ikkje vert skadelidande som resultat av reforma», står det i komiteinnstillinga.

-LNK er for frivillige endringar i kommunestrukturen, særleg dersom overføring av nye oppgåver til kommunar og fylkeskommunar gjer dette naturleg og nødvendig. LNK kan ikkje sjå at dei nye oppgåvene som har blitt presentert så langt i prosessen skulle tilseia trong for kommunesamanslåingar, men ser at nokre kommunar truleg vil kunna levera betre tenester til innbyggjarane dersom dei hadde vore større. Dette må likevel vegast opp mot risikoen for eit svakare folkestyre og konsekvensane av meir sentralisering.

-LNK ønskjer at prinsippet om generalistkommunen skal førast vidare, men kan ikkje sjå at dette kan kombinerast med å la nokre få utvalde større kommunar overta fylkeskommunale oppgåver medan andre kommunar berre skal løysa tradisjonelle kommunale oppgåver.

-Det regionale politiske nivået er viktig for å halda oppe det norske språksystemet, og for å hindra fragmentering av ansvaret for det nynorske språket. Regionnivået, fylkeskommunane, bør styrkjast, både ved at dei får tilført nye oppgåver, men gjerne også gjennom ei utvikling av nye, sterke regionar. I slike prosessar er det viktig å ha med ei forståing av språklege problemstillingar.

-Ein viktig premiss for LNK er at kommunane og KMD tek omsyn til språkpolitiske konsekvensar av eventuelle samanslåingar. Kommunar med ulikt fleirtalsspråk bør såleis ikkje slå seg saman. Dersom slike samanslåingar likevel skjer må staten stilla til rådvelde nødvendige midlar, mellom anna til obligatoriske språkopplæring for administrasjonen, slik at kommunane blir reelt tospråklege og såleis kan levera gode, klare og språkleg korrekte tenester til innbyggjarane sine.

-Kommunesamanslåingar i språkdelte område kan lett føra til nye språknøytrale kommunar. Dette inneber at administrasjonen kan nytta bokmål sjølv om fleirtalsforma i kommunen er nynorsk. Over tid kan dette svekkja nynorsk språk. Det bør difor greiast ut om det framleis er føremålstenleg å operera med termen «språknøytrale kommunar».

-Samanslåing av kommunar med ulikt språk kan føra til at den nye kommunen vil gjera nytt vedtak om språkform. Dette kan deretter påverka språkform i fylkeskommunar og andre offentlege regionar. LNK skal følgja opp enkeltprosessar i språkdelte område ved å gi råd og synleggjera språkpolitiske konsekvensar, etter kvart som det blir klart kva for modellar som er aktuelle for medlemskommunane. Etter kvart som desse modellane blir tydeleggjorde, skal administrasjonen leggja fram notat for styret om kva konsekvensar slike strukturendringane vil få for LNK. Styret legg opp til ny drøfting av kommunereforma på eit internseminar og eit styremøte i februar 2016.

Direktør i språkrådet, Roy Kristiansen, skriv i ein kronikk i Hallingdølen 22.09.15 om «Kommunereformen og nynorsken» at «nynorskbrukernes språklige vilkår er blitt dramatisk svekket på kort tid». Det må lagast ein plan for korleis nynorsk og bokmål skal sikrast likeverdige vilkår i nye kommunar. Dette er det eit lokalpolitisk ansvar og ikkje noko som kjem av seg sjølv. Vidare at Stortinget ved fleire høve opp gjennom åra har uttrykt at nynorsken treng eit særleg vern som det minst brukte målforma. Det vert også vist til jamstillingsvedtaket i Stortinget.

## Omsnakka samanslåingar i «LNK-regionar»:

### Oppland

Dei tre kommunane i Ottadalen (Vågå, Lom og Skjåk) er «reine» nynorskkommunar, og alle er medlemmer i LNK. Til saman når dei ikkje opp i 10 000 innbyggjarar.

Elles i Nord-Gudbrandsdalen står nynorsken sterkt i skulen i Lesja og Dovre, men begge desse kommunane er språknøytrale. Saman med Sel (språknøytral, med 45% nynorsk i skulen) utgjer desse kommunane medlemene i Nord Gudbrandsdalen regionråd (som er medlem i LNK). Ei samanslåing her vil truleg ikkje påverka språksituasjonen i stor grad – særleg dersom kommunesenteret vert lagd til Lom eller Vågå. Dersom Fron-kommunane også vert med på laget, kan nynorsken verta styrkt i området. I dag ligg administrasjonen av regionrådet på Otta i språknøytrale Sel kommune (som brukar lite nynorsk i administrasjonen).

Det er no 3 ulike utgreiingar om samanslåing på gang i dette området. Det gjeld Lom og Skjåk, Vågå og Sel i tillegg til Lesja og Dovre.

Det har og vore snakk om samanslåing av dei to kommunane Nord-Fron (nynorskkommune, med i LNK – 90% nynorsk i skulen) og Sør-Fron (språknøytral – 88% nynorsk). Saman vil desse utgjera ein solid nynorskkommune, men dei kjem ikkje opp i 10 000 innbyggjarar. Dersom dei heller vel å søkja partnerar lenger sør, Ringebru kan vera aktuell, kjem dei inn i «reine» bokmålsområde, og nynorsk vil fort bli marginalisert. Dersom dei søker eit samarbeid mot nord, vil nynorsken (og LNK) verta styrkt.

Det er laga ei skisse til utgreiingsprosess for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebru kommune, som dei nye kommunestyra no straks skal ta stilling til. Det er lagt opp til faktainnsamling og samanstilling i løpet av hausten og vidare utgreiingsarbeid og vedtak i løpet av 1. halvår 2016. Det er skissert utgreiingsalternativ med samanslåing av 2 eller 3 av kommunane.

Valdres er ein vanskeleg region. Valdres er nok, saman med Hallingdal, den regionen der det er størst press på nynorsk språk i dag. I dei seks Valdres-kommunane Vang (nynorskkommune med 94% av elevane i grunnskulen – medlem i LNK), Vestre-Slidre (nynorskkommune der 93% av grunnskuleelevane brukar nynorsk – medlem i LNK), Øystre Slidre (nynorskkommune der 92% % av



elevane er nynorskbrukarar), Nord-Aurdal (språknøytral med under 10% nynorsk i skulen), Etnedal (språknøytral med 86% nynorsk), og Sør-Aurdal (språknøytral med 49% nynorsk) er det i dag til saman 890 bokmåselevar og 954 nynorskelevar. Ved ei samanslåing ville altså nynorsk framleis ha eit knapt fleirtal (52%).

Ei av utfordringane er då at Fagernes, som peikar seg ut som kommunesenter, ligg i Nord-Aurdal – som er den klart største kommunen, og som har få nynorskelevar og lite tradisjon for bruk av nynorsk i kommuneadministrasjonen. I ein slik storkommune ville nynorsk fort kunne koma under press.

Dersom Øystre- og Vestre Slidre går saman med Vang i ein ny kommune, noko som og har vore omsnakka i regionen, ville dette bli ein solid, men liten (om lag 7 000 innbyggjarar), nynorskkommune.

Det er i samband med valet gjennomført folkeavrøysting i Vang, som den einaste kommunen i Valdres. Resultatet vart eit klart nei til samanslåing. Det er planlagd saker til alle kommunestyra i løpet av hausten for avklaring av eventuell vidare prosess.

### **Buskerud**

I Buskerud er Ål (nynorskkommune 84%), Gol (nynorskkommune der 40% av elevane i grunnskulen har nynorsk) og Hemsedal (nynorskkommune med 30% nynorsk) medlemmer i LNK, men nynorsk språk står ikkje sterkt i nokon av desse kommunane – med unnatak av Ål.

Dersom Hallingdal slår seg saman med Hemsedal ( og tek med Nes (bokmålskommune med 100% bokmål) og Hol (språknøytral - 40% nynorsk) vil den nye kommunen få ein nynorskprosent på 38,5 – og nynorsk vil vera under sterkt press.

Det har og vore kontakt mellom Aurland og Hol. Ei slik samanslåing ville truleg ha slått positivt ut for nynorsk i Hol.

Dette er kanskje den regionen i landet der det hastar mest med å setja inn tiltak for å halda oppe den lokale kulturen og språket. Her ligg det store utfordringar både for Noregs Mållag og for LNK. LNK starta prosessen i sommar då me arrangerte landstinget vårt på Gol 4. og 5. juni i år. Tema var omdømebygging, mellom anna kva språk har å seia for det kommunale omdømet.

For Hol og Ål er utgreiingsarbeid om kommunesamanslåing i gang. Det vert lagt opp til vedtak 1. halvår 2016 og med rådgjevande folkeavrøystingar i førekant.

### **Telemark**

I Vest-Telemark er Vinje, Tokke, Fyresdal, Hjartdal, Seljord, Kviteseid og Nissedal meir og mindre solide nynorskkommunar som alle er med i LNK.

Tokke drøfta kommunereforma i kommunestyret alt i juni 2014. Vidare har Vinje, Kviteseid, Seljord og Fyresdal signalisert at dei ønskjer å drøfta moglege nye konstellasjonar. Vinje og Tokke har og vore «på snakk». Det same har vore aktuelt for Fyresdal og Tokke. Så lenge desse kommunane ser for seg eit samarbeid med kvarandre, vil samanslåingar styrkja nynorsk i området. Vinje har våren 2015 gjort vedtak om å gå vidare som eigen kommune. Hjartdal (nynorskkommune, men ikkje med i LNK - 84% nn elevar i grunnskulen), Notodden (språknøytral med 0% nynorsk i grunnskulen), Bø (nynorskkommune, med stort fleirtal bokmålselevar i grunnskulen) og Sauherad (språknøytral, med 90% bokmålselevar) har alt eit visst formalisert samarbeid. Dersom dette skulle bli grunnlaget for ein ny kommune, vil nynorsk lett bli marginalisert. Bø er ein særst interessant kommune med høgskule, ein allsidig arbeidsmarknad og stor tilflytting. Bø har den siste tida signalisert at dei gjerne vil samarbeida vestover, mot Seljord. Då kan nynorsk i området verta styrkt.

Dersom Hjartdal vender seg vestover, mot Seljord, vil nynorsk (og LNK) bli styrkt i området. Hjartdal og Tinn forhandlar våren 2015 med Notodden og kan elles lett bli ein bydel i Notodden. Dersom desse forhandlingane fører fram, bør det setjast inn tiltak som sikrar at den nye kommunen vert reelt tospråkleg. Modellen med Seljord, Nome og Sauherad, som ville gitt ein tilsvarande situasjon, er ikkje lenger aktuell, ettersom Nome har sagt nei. Her blir det no jobba for ein modell som omfattar Nome, Bø og Sauherad. Nome og Bø har fatta positive vedtak i forhold til ein slik modell, medan Sauherad enno ikkje vedteke å gå vidare.

Kviteseid og Nissedal har eit tett samarbeid i dag, og ei samanslåing her kan vera mogleg og praktisk, men dette vert jo framleis ein liten kommune.

Vest-Telemarkrådet har gjennomført ein forstudie og vedtatt å setja i gang eit forprosjekt med desse retningane for vidare arbeid:

- Vidareføring av dagens kommunestruktur med meir forpliktande samarbeid.
- Mogleg samanslåing av Seljord, Nissedal og Kviteseid.

- Mogleg samanslåing av Fyresdal og Tokke.

Andre aktuelle alternativ nemnt i politiske vedtak, er samanslåing av Tokke og Vinje og samanslåing av Fyresdal, Tokke og Vinje. Desse 2 alternativa er gjenstand for nærare samtaler mellom dei aktuelle kommunane.

### **Agder**

I Sætedalen er Bykle, Valle og Bygland solide nynorskkommunar, og dersom ei eventuell samanslåing tek med Evje og Hornnes (språknøytral, men med 63% nynorsk i skulen) ville nynorsk framleis stått sterkt – og LNK hadde truleg blitt styrkt (Evje og Hornnes er ikkje med i LNK i dag).

På Setesdalinget midt i juni 2015 vart det klart at det likevel ikkje vil verta ein storkommune i Setesdalen. Både Valle og Bykle ønskjer å gå vidare som sjølvstendige kommunar. Dei viser til store avstandar høgt tenestenivå og solid økonomi.

Bygland ønskte i utgangspunktet ein storkommune i dalen, men etter Setesdalinget vert ikkje denne modellen vurdert som realistisk. Bygland vil no sondera mot Åseral og Evje og Hornnes. To små nynorskkommunar går i tilfelle saman med ein litt større språknøytral kommune. Det kan språkleg sett slå begge vegar – jf Strand/Hjelmeland og Forsand.

Ei samanslåing av Åseral (90%), Hægebostad (100%) og Audnedal (49%) ville kanskje ha styrkt nynorsk i området marginalt, sidan ein slik ny konstellasjon ville ha fått eit knapt nynorskfleirtal (51%) – men ein slik modell kunne like gjerne ført til ein ny språknøytral kommune. I denne regionen er berre Åseral med i LNK per i dag. Dersom Marnardal eller ein av kystkommunane (Lindesnes eller Lyngdal) går med i den nye kommunen, er nynorsk i solid mindretal. Evje og Hornes utgreier og eit «Indre-Agder alternativ, med Åseral i Vest-Agder.

Åseral har gjennomført rådgjevande folkeavrøysting i samband med kommunevalet med 60% nei frå innbyggjarane.

Det har vore ein viss mediadebatt i Sirdal om samanslåing med Flekkefjord. Her har også språkargument vore framme i reformdebatten (Sirdal er språknøytral og med i LNK, med 99% nynorsk i skulen. Flekkefjord er ein monaleg større bokmålskommune utan nynorsk i skulen).

## **Rogaland:**

Dei seks kommunane i Ryfylke har til saman om lag 26 000 innbyggjarar. Store avstandar gjer at det neppe er realistisk at alle seks går inn i ein storkommune, men Strand, Forsand og Hjelmeland kan vera ein aktuell modell, som vert utgreidd. Forsand og Hjelmeland er nynorskkommunar og med i LNK, medan Strand er språknøytral med 55% nynorskelevar i grunnskulen – og ikkje medlem. Ei samanslåing her kunne truleg ha blitt ein styrkje for nynorsken og for LNK. Det burde vera eit krav frå Hjelmeland og Forsand at ein eventuell ny kommune gjer eit nynorskvedtak. Rådmennene i dei tre kommunane har i staden rådd til at den nye storkommunen vert språknøytral, med minimum 25% nynorsk. Dette har LNK reagert på og sendt spørsmål til kommunen om. Spørsmålet skal handsamast politisk.

Innbyggjarane i Hjelmeland har sagt nei (54%) til vidare arbeid med kommunestruktur i Ryfylke i den rådgvjvande folkeavrøystinga i samband med kommunevalet.

Samstundes er det eit poeng at Strand får tunnel frå Tou til Stavanger sentrum om nokre år, og desse tre kommunane kan såleis verta ein forstad (og buområde) til eit stort bokmålsområde alt før 2020 – i alle høve når bompengerperioden er slutt.

Eit anna alternativ som har vore drøfta er ei samanslåing mellom Forsand og Strand. Det vil truleg føra til at innbyggjarane i dagens Forsand mistar den fordel som ligg i å ha ein nynorsk administrasjon. Forsand vedtok sommaren 2015 at dei ønskjer å gå vidare som eigen kommune.

Finnøy (nn), Suldal (nn) og Sauda (n) er dei tre resterande kommunane i Ryfylke. Alle er med i LNK og er så godt som «reine» nynorskkommunar dersom me ser på elevtal i grunnskulen, men Sauda er språknøytral. Ei samanslåing her vil truleg styrkja nynorsken i området.

Suldal har ved fleire høve signalisert at kommunen helst vil gå vidare som i dag, men har vedteke folkerøysting om kommunereforma i 2016.

Samstundes veit ein at reisetida frå Finnøy til Stavanger er redusert til 45 min. etter at Finnøy-tunnelen vart opna. Finnøy kan lett verta ein forstad til Stavanger slik Randaberg og Rennesøy i stor grad vart det då dei undersjøiske tunnelane på E39 kom på plass. Finnøy er ein del av Stavanger på NHO sitt kart.

Haugesund har vedteke å invitera alle kommunane på Haugalandet til «samtalar om samanslåing». Denne tanken har fått mykje motstand, men det

siste er at ni kommunar i Rogaland/Sunnhordland vil gå saman om å tilrå ein storkommune i regionen, skreiv Haugesunds Avis for nokre månader sidan. Dei ni kommunane er Haugesund, Sveio, Karmøy, Utsira, Tysvær, Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal. Vedtak i fleire av kommunane i løpet av våren gjer at dette alternativet er ikkje lenger aktuelt. Den største kommunen i regionen, Karmøy, er språknøytral. Det same er Utsira, Sauda (med i LNK og så godt som 100% nn i grunnskulen) og Tysvær (med i LNK, men under 50% nynorsk i skulen), medan Haugesund er ein bokmålskommune.

Dei andre kommunane som er inviterte med i samarbeidet: Bokn, Vindafjord, Etne (i Hordaland) og Sveio (i Hordaland) er alle «reine» nynorskkommunar og med i LNK. I denne regionen kan nynorsk lett komma under press – avhengig av korleis dei nye kommunane i området vert sjåande ut.

Fleire ser for seg at Bokn og Tysvær slår seg saman (men begge desse har som primærstandpunkt at dei ønskjer å gå vidare som i dag) – alternativt også med Haugesund, men nye vegsamband gjer at også ei samanslåing med Karmøy kan vera aktuelt. Både Karmøy og Haugesund er i dag så «robuste» at dei står fint aleine, kanskje med nokre grensejusteringar på fastlandssida.

På Haugalandet utgreier no Haugesund, Karmøy, Tysvær og Sveio ei samanslåing. I eit oppslag i Haugesunds Avis 28.09.15, uttrykkjer dei påtroppande ordførarane i desse kommunane lita tru på at ein storkommune på Haugalandet blir ein realitet i denne runden. Skulle det likevel bli det, vil nok nynorsken i ein slik kommune bli utfordra.

Vidare har Sauda og Suldal vedteke å utgreia samanslåing med Vindafjord og Etne. Utgreiingsarbeidet for desse 4 kommunane startar opp no i haust. I tillegg skal Vindafjord og Etne utgreia eit alternativ for desse to kommunane. I desse alternativa vil nynorsken gjerne like godt bli styrka, viss samanslåing blir ein realitet.

Sør i Rogaland har det vore snakk om samanslåing av Sokndal (nø), Bjerkreim (nø) og Eigersund (bm). Forhandlingane er i dag «lagde på is». Berre Bjerkreim er med i LNK i dette området. Ei samanslåing her ville truleg ført til sterkt press mot nynorsken i Bjerkreim og tap av ein medlemskommune. Kommunestyret i Bjerkreim vedtok 17.06.2015 å utgreie med utgangspunkt i eigen kommune, med alternativa Dalane kommune eller ei samanslåing med Gjesdal kommune.

På Jæren er fleire modellar drøfta, men den mest aktuelle ser ut til å vera Hå, Time og Klepp. Klepp er nynorskkommune, men har berre om lag 50% nn-elevar att i grunnskulen. Hå er språknøytral, men har 95% nn i grunnskulen, og også Time er ein solid nynorskkommune. Både Hå og Time er med i LNK. Dei tre kommunane er om lag jamstore (ca 18 000 innbyggjarar i kvar av dei). Ei samanslåing av desse ville truleg styrkt nynorsken i området og LNK (innbyggjarane i Klepp ville telja med - 83,3% nynorsk til saman i den nye storkommunen). Dersom Sandnes (n) og eventuelt Gjesdal (n) vert ein del av samanslutninga, vert situasjonen snudd opp ned og nynorsk vert eit mindretalsspråk i regionen (37,3%). Diskusjonen fram til no har helst gått på ein Sandnes og Gjesdal-modell, noko som ikkje ville ha påverka situasjonen for nynorsk så mykje. Sandnes har di siste månadane vore tydeleg på at kommunen ønskjer å gå vidare åleine, og eit frieri frå Stavanger er avvist.

Det er lite nynorsk att i dei tre kommunane som ser ut til å vera mest aktuelle for ei samanslåing med Stavanger, altså Sola, Rennesøy og Randaberg. Stavanger er bokmålskommune, medan dei tre andre er språknøytrale og med lite nynorsk att.

## **Hordaland**

Nordhordland har kome lengst i forhandlingane i Hordaland. Ein aktuell modell her er Masfjorden, Modalen, Lindås, Austrheim, Meland, Radøy, Fedje, Osterøy og Gulen (i Sogn og Fjordane) – eller eit utval av desse kommunane. Alle desse er solide nynorskkommunar og medlemmer i LNK. Osterøy, men særleg Meland og Lindås er eit språkleg pressområde, med stor tilflytting, særleg frå Bergen. Ei samanslåing her, slik det er skissert, ville ha styrkt nynorsken i området, medan ei samanslåing av Bergen og delar av Nordhordland, vil ha svekt nynorsken i den nye «bydelen». Meland har opna for å bli ein bydel i Bergen – som ein av tre reformmodellar dei jobbar med. Dette vil truleg få konsekvensar for språksituasjonen i Meland. Den mest aktuelle løysinga er truleg ei samanslåing av Lindås, Meland, Radøy (og Austrheim).

Regionrådet Vest, med kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden, drøftar for tida ein ny modell. Askøy er språknøytral og har minimalt med nynorsk att i skulen, medan alle dei andre kommunane er nynorskkommunar og medlemmer i LNK (men Fjell har under 40% nn i skulen). I ein storkommune her kan nynorsk koma under press dersom Askøy vert med som største kommune (men dei har alt trekt seg frå det lokale Samarbeidsrådet - kanskje for å signalisera at dei ikkje vil vera med i ein slik modell), men dersom modellen endar opp med Sund, Fjell og Øygarden, inneber det ei styrking av nynorsken i området.

På same vis som i Nordhordland vil ei samanslåing av Bergen og Region Vest/delar av Region Vest svekkja nynorsk i «den nye bydelen».

Hardangerrådet har drøfta nærare samarbeid/samanslåingar, men ikkje konkludert. Kvam, Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Ulvik er meir og mindre «reine» nynorskkommunar og medlemmer i LNK (sjølv om Odda har meldt seg ut, og er ute frå 2016). Ei samanslutning her vil venteleg ikkje ha noko å seia for nynorsken og LNK.

Det har og vore snakk om ein modell der nokre av desse kommunane vender seg nordover mot Voss. Voss er «rein» nynorskkommune og medlem i LNK, og ein slik modell ville heller ikkje hatt så mykje å seia for språket og organisasjonen. Voss ser både vestover og over fylkesgrensene mot Aurland og Vik. Ei slik løysing vil heller ikkje ha språklege konsekvensar.

I Midthordland har det vore snakk om ei samanslåing av Samnanger, Vaksdal, Fusa, Tysnes og Os, men denne modellen er mindre aktuell enn tidlegare. Det vert og arbeidd med alternativet Os, Fusa og Tysnes. Alle desse kommunane er i utgangspunktet solide nynorskkommunar og medlemmer i LNK, men Os er under press frå innflytting frå Bergen. Berre Os står utanfor LNK. Ei samanslåing her ville ha styrkt nynorsk språk i regionen. Vaksdal arbeider med fleire aktuelle modellar, og har alt vedteke folkerøysting om temaet hausten 2015. Bergen har hatt møte med Vaksdal, Osterøy og Samnanger og desse tre kommunane har opna for å bli ein del av Bergen, under føresetnad av at Bergen opnar for ei bydelsreform som gjer at dei tre kommunane, saman med Arna, kan utgjera ein Bergen-Aust-bydel med eit visst sjølvstyre. Her vil det vera viktig at språk blir teke med i forhandlingane.

Men til liks med i Nordhordland og Region Vest, ville ei samanslåing av Bergen med Midthordland/delar av Midthordland truleg ha kunna marginalisert nynorsken i området over tid («Arna-syndromet»). Os har signalisert at dei ikkje ønskjer ei slik løysing, og at dei anten vil stå åleine eller gå saman med Fusa og Tysnes.

Etter at prosjektrapporten i regi av Samarbeidsrådet i Sunnhordland (medlem i LNK) er handsama i kommunane, er det avklart at det ikkje er aktuelt å gå vidare med ein storkommune for dette området. Bømlo, Fitjar, Stord, Tysnes og Austevoll er i gang med å utarbeide eit intensjonsdokument, som skal handsamast i kommunestyra i haust. Det vil etter det bli avklart kven som

ynskjer å gå vidare med avtaleforhandlingar. Kvinnherad er med som observatør i dette arbeidet. På Bømlo og i Kvinnherad verkar det å vera ei lunken haldning til samanslåing. Øykommunen Austevoll (nynorskkommune, medlem i LNK) har tidlegare signalisert at kommunen ikkje ønskjer å slå seg saman med nokon.

Alle kommunane i Sunnhordland er «reine» nynorskkommunar og medlemmer i LNK og ei samanslåing ville såleis ikkje ha fått store konsekvensar for språket og heller ikkje for LNK.

### **Sogn og Fjordane**

Sidan nynorsk er så godt som einerådane i Sogn og Fjordane (utanom delar av Vågsøy), vil ulike kommunemodellar her truleg ikkje få konsekvensar for nynorsk som språk eller for LNK. Det er berre Leikanger, Vågsøy og Selje som ikkje er medlemmer i LNK, og Leikanger drøftar for tida ei innmelding. Større einingar i Sogn og Fjordane kunne tvert om ha styrkt nynorsken. Jølster og Gloppen har vedteke å ha folkerøystingar om kommunereforma.

### **Møre og Romsdal**

På Sunnmøre er det lansert fleire modellar. Både Volda og Ørsta, Ulstein og Hareid, Vanylven, Sande og Herøy har vore drøfta, men forhandlingane har ikkje ført fram. Sidan alle kommunane i denne regionen er solide nynorskkommunar og medlemmer i LNK (utanom Stranda), vil eit eventuelt endra kommunemønster i denne regionen ikkje ha store språklege konsekvensar og heller ikkje store konsekvensar for LNK.

Utfordringa kjem dersom ein tenkjer stor (eller mindre) samanslåing med Ålesund som regionsenter. Då vil i tilfelle nynorsk kunna koma under sterkt press – trass i at nynorsk er ei viktig symbolsak i fleire av desse kommunane. Ordføraren i Skodje har signalisert offentleg at han ikkje ser vekk frå eit samarbeid med Ålesund. Skodje er ikkje med i LNK.

Sluttrapporten frå styringsgruppa om regionkommune Sunnmøre vart lagt fram 21.08.15. Den omhandlar samanslåing av dei kommunane Giske, Haram, Hareid, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Ørskog og Ålesund. Det er i rapporten lagt opp til handsaming i dei ulike kommunestyra i løpet av september/oktober.

Jørn Rattsø går så langt at han ser for seg ei samanslåing av Kristiansund, Molde og Ålesund, noko som verkar totalt urealistisk med dei historiske og kulturelle



bindingane som ligg i regionen, men ein slik modell ville ha ført til eit ekstremt press på nynorsk i området.

På oppdrag frå Romsdal regionråd la Telemarksforsking i mai fram ei analyse, der 12 ulike alternativ vart vurdert for Molde-regionen. Det er enno ikkje endeleg avklart kva alternativ alle kommunane her vil gå vidare med, men fleire av kommunane har vedtatt m.a. storkommunealternativet. Dette kan resultere i ulike utgreiingsmodellar for kommunane Aukra (nynorsk og medlem i LNK), Fræna (n), Midsund (nynorsk, ikkje medlem i LNK), Molde (bm), Nesset (bm), Rauma (n) og Vestnes (nynorsk og medlem i LNK). Aukra har 72% nn i grunnskulen, Vestnes 94%, medan Fræna har 48%. Midsund har 92% nynorsk og har i vinter gjort vedtak om at dei vil gå frå å vera nynorskkommune til språknøytral. I ein storkommune, med bokmålskommunen Molde som sentrum, vil nynorsk i Aukra, Fræna, Vestnes og Midsund nok kome under sterkt press, og LNK ville truleg ha mista to medlemmer. Nynorskkommunen Ørskog har signalisert at kommunen er open for samanslåing, men ikkje mot Ålesund. Dersom Ørskog går saman med Molde kan LNK mista ein medlem her.

Telemarksforsking er for tida i gang med å laga ei strategisk analyse for kommunane på Nordmøre. Denne skal leggjast fram i byrjinga av november. I ei eventuell samanslutning av Sunndal (nøytral, med nynorskinnslag) og Surnadal (nynorsk) kan situasjonen for nynorsk slå ut i begge retningar. Det relativt spinkle nynorskmiljøet i Sunndal kan få hjelp av eit litt større, og litt meir aktivt miljø i Surnadal, men Sunndal er den største kommunen av dei to. I ein slik kommune vil nynorsk bli fleirtalsspråk i grunnskulen med knapp margin (52%).

I tillegg til desse døma finst det truleg ei rekkje andre samanslåingsmodellar i medlemsmassen til LNK som ikkje er drøfta her.